



LINDÅS KOMMUNE  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 15.05.2017  
Vår ref.: 2017/3827-5  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.:

## **Fråsegn til oppstart av endring av områdereguleringsplan for Lonelva - Juvikvarden, Lindås kommune**

Vi viser til brev datert 28.04.2017 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Lonelva – Juvikvarden, Knarvik- Lindås kommune. Hovudføremålet med planen er å gjere endringar i føremål for barneskule og tilførselsveggar i gjeldande områdereguleringsplan. Endringane omfattar nye byggjegrensar, utnytingsgrad, byggjehøgder og endra vegtilkomst til skuleområdet.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### **Vurdering og innspel**

Områdeplan for Lonelva- Juvikvarden vart vedteken i 2011. I arbeidet med planlegging og prosjektering av skulen er det kome fram at planlagt tiltak har avvik frå vedteken områdeplan. Det vart sendt inn søknad om dispensasjon frå områdeplanen, der Fylkesmannen har gjeve råd om å gjennomføre ein reguleringsprosess. Hordaland fylkeskommune er positiv til at kommunen vel å gjennomføre endringane av områdeplanen gjennom en reguleringsplanprosess.

I det vidare planarbeidet vil leggje serleg vekt på

- Senterutvikling
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Folkehelse
- Klima og energi
- Kulturminne og kulturmiljø
- Samferdsel
- Universell utforming

### Meir om senterutvikling, arkitektur og estetikk

Planområdet ligg nær senterområdet på Knarvik. Hordaland fylkeskommune minnar om den regionale planen for attraktive senter og ber om at nye løysingar i områdeplanen for Lonelva- Juvikvarden sikrar gode løysingar og vert knytt opp mot områdeplanen for Knarvik. Vi ber om at det vert lagt vekt på god arkitektur og materialbruk slik at det vert heilskap i omgjevnadene.

### Meir om klima og energi

Hordaland fylkeskommune minner om regional klimaplan for Hordaland. Planen har mål som gjev at energibruken i bygningsmassen i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 i høve til energibruken i 2007, og 25 % i 2030. Utslepp av klimagassar frå byggsektoren i Hordaland skal reduserast ved konvertering til alternative fornybare energikjelder og klima- og miljøvenleg materialbruk. Vi ber om at det vert teke omsyn til dette i prosessen vidare.

### Meir om samferdsel

Det er viktig å legge til rette for gode løysingar for mjuke trafikantar i området. Det er ei nasjonal målsetting at åtte av ti barn og unge skal velje å gå eller sykle til skolen og då må ein trygge forholda for denne gruppa trafikantar. Deler av fylkesveg 57 inngår i planområdet, og vi minner om at «Rammeplan for avkjørsler og byggegrensar» er retningsgivande for kommunane i reguleringsplanar som omhandlar fylkesveg.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at det vidare planarbeidet legg særleg vekt på senterutvikling, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, folkehelse, klima og energi, kulturminne og kulturmiljø, samferdsel og universell utforming.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland